

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Norway

POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

BESØKSADRESSE:
Gaupnegrandane
6868 GAUPNE

TLF:
+47 24 06 70 00

FAX:
+47 24 06 70 01

INTERNETT:
www.statkraft.no

E-POST:
post@statkraft.com

DYKKAR REF./DATO:
/

VÅR REF.:
201401022-13

STAD/DATO:
Gaupne, 06.03.2019

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ MANØVRERINGSREGLEMENTET FOR MONSDALSVATN I HØYANGER KOMMUNE

Søker med dette om dispensasjon frå manøvreringsreglementet for reguleringar i Hovlandsvassdraget gitt ved KGL. Res. 9. august 1963, til å fråvike kravet om LRV for Monsdalsvatn, til å kunne gå ned til kote 597,6 moh i perioden 01.04.2019 – 20.04.2019. Monsdalsvatnet ligg i Høyanger kommune i Sogn og Fjordane og har LRV på kote 598,6. Vi vil i denne perioden utføre nødvendig tekniske oppmålingar av tappeluka for å førebu ein rehabilitering av luka neste vinter. Arbeidet er gjort på 1 dag, og oppfyllinga vil starte omgåande etterpå. Ein vil ikkje ligge på omsøkt kote heile perioden, men treng ein periode med dispensasjon for å kunne ha buffer med omsyn til vertilhøva. Etter oppmåling vil alt tilsig til magasinet gå til å fylle det tilbake til LRV så raskt som råd. Det er venta at dette vil skje innan den omsøkte perioden, men ved særskild unormale tilsigstilhøve kan det ta noko lengre tid, men det er ikkje venta.

Tiltaket vil skje i ein periode med normalt låg vasstand då det nærmar seg vårsmelting. Nedtappinga vil skje gradvis, med snødekt areal på og rundt magasinet. Vi treng ned ytterlegare 1 m enn normalt og for eit kort tidsrom. Vi vurderer derfor miljøkonsekvensane som minimale for fisk, og vurderer dette tidspunktet som det mest skånsame for omgjevnadane.

Vi beklagar sterkt at søknaden er seint ute, og har stor respekt for sakshandsamingsprosessane dykkar, men dessverre oppstod dette behovet noko seint i planleggingsprosessen og ein treng nytte tida før vårsmeltinga tek til.

Med venleg helsing
for Statkraft Energi AS

Kåre Hønsi (sign.)